

Høyringsdokument – Forslag til nye skulekrinsgrenser i Bømlo kommune

1. Innleiing

Bømlo kommune sender med dette på høyring forslag til ny forskrift om skulekrinsgrenser. Forskrifta skal gjelde frå og med skuleåret 2026/2027, samt inkludera ei gjennomført endring i 2025. Forskrifta 2026 skal erstatta forskrifta frå 2016.

Formålet med endringane er å sikre:

- betre samsvar mellom geografisk nærleik og skuleplassering
- god kapasitetsutnytting ved skulane
- heilskaplege buområde og stabile skulemiljø

2. Bakgrunn for reguleringa

Bømlo kommune gjorde eit politisk vedtak om avvikling av Foldrøy barneskule i 2024 med verknad frå skuleåret 2025/2026. Denne avviklinga inngår i denne krinsgrensereguleringa.

Ny opplæringslov frå 2024 oppretthaldt nærskuleprinsippet og vektlegginga av geografisk nærleik mellom heim og skule i § 2-6, men gir framleis kommunane høve til å utarbeida forskrifter kor ein òg kan vurdera andre faktorar. Ved endring av skulekrinsar inngår vurdering av elevtalsutvikling, bustadbygging, kapasitet, topografi og trafikktryggleik.

Arbeidet med krinsgrenser viste eit behov for endringar i områda:

- Foldrøy → Svortland
- Meling ↔ Svortland
- Stautland (Våge/Gilje)

3. Forslag til endringar i krinsgrenser

3.1 Foldrøy skulekrins (avviklast frå 01.08.2025)

- Foldrøy skulekrins vert avvikla.
- Alle elevar i området får Svortland skule som nærskule.

Kartutsnitt 1 – Foldrøy → Svortland




3.2 Meling og Svortland skular (gjeldande frå skuleåret 2026/2027)

Endringane skjer grunna:


- behov for meir logiske og geografisk naturlege grenser i bustadområda langs Brekkevegen og vestre del av Gåslandsvegen.
- Fleire adresser i dette området har kortare veg til Meling skule enn til Svortland skule:
 - Avstandsmålar som Vestland fylkeskommune v/Skyss nyttar for berekning av lengde på skuleveg mellom heim og skule:
 - <https://www.skyss.no/reise/skoleskyss/finn-avstand-mellom-heim-og-skole-i-kart/>
- Skulekrinsendringa vil få verknad for elevar som skal byrja på skulen frå skuleåret 2027/2028. Den gjeld ikkje for elevar som allereie er byrja på skulen, og elevar som ynskjer å byrja på Svortland skule fordi dei har eldre sysken der, får rett til dette.
- Det er ikkje føreslege endring på Stavland, der beheldt ein den kringgrensereguleringa som vart vedteken i 2016 og gjennomført i åra etter det.

Kartutsnitt 2 – Meling/Svortland

Viser område Stavland, og foreslått endring på Gåslandsvegen som innbefattar Brekkevegen.




Meling skulekrins slik grensa er i dag



<https://kommunekart.com/klient/Fonnakart/>

Meling skulekrins med føreslegen ny grense markert med raudt.




Frå og med Gåslandsvegen 46 og adresser med høgare husnummer vestover på Gåslandsvegen, vil etter kringsgrensereguleringa høyra til Meling skulekrins. Det same vil adressene langs Brekkevegen som i dag høyrer til Svortland skulekrins.

3.3 Stautland – frå Våge til Gilje som nærskule

- Stautland ligg geografisk nærare Gilje skule enn Våge skule, med differanse på 2 km.
- Våge skulekrins dekkjer eit geografisk stort område, som i sør er til og med Grutle. Stautland ligg nord for den geografiske grensa for område som har kortast veg til Våge skule.
- Dei to andre områda ved Erslandsvatnet; Ersland og Tormodsætre, høyrer til Gilje skulekrins.
- Begge skulane har kapasitet.
- Frå skuleåret 2026/2027 er det ikkje barneskule-elevar som bur på Stautland, så endringa påverkar ikkje heimar med born på Våge skule i dag.

Kartutsnitt 3 – Stautland (Våge/Gilje) *Viser avstandsforhold og foreslått endring.*



4. Konsekvensar av endringane

- betre kapasitetsutnytting av ressursar og skulebygg, gjeld særleg endringa for Foldrøy.
- kringsgrensereguleringane til Meling skulekrins og til Gilje skulekrins samsvarar betre med nærskuleprinsippet i Opplæringslova § 2-6.
- mogleg behov for ny vurdering av Stavlandsområdet seinare, sidan det ikkje vert gjort endring i dette området ved denne kringsgrensereguleringa. Her er stabilitet i høve kringsgrenseendringa som vart gjort i 2016 vektlagt meir enn geografisk nærleik og kapasitetsutnytting.

5. Høyringsfrist

Høyringsfristen er sett til **10.05.2026**. Innspel skal sendast via lenke på nettsida til Bømlo kommune.

Forskrifta skal erstatta gjeldande forskrift:

[Forskrift_om_kringsgrenser_for_grunnskulane_i_Bømlo_kommune_vedteke_kommunestyret_051216.pdf](#)